

Fra: Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

Sendt: 21.01.2021 09:57:43

Til: Politisk

Kopi: Jannicke Bergesen Clarke

Emne: Spørsmål til neste SAMO

Vedlegg:

Frå tid til anna dukkar det opp spørsmål kring skuleskyss og kven som har ansvar. Her aktualisert med ei mor frå Førde som meiner det er utrygt for 6-åringen med bussbyte uten tilsyn. Sjå

lenkje: <https://www.firda.no/henriette-6-ma-bytte-buss-aleine-i-morket-ikkje-trygt-seier-mora/s/5-15-1155876>

Er det skuleeigar (kommunen) eller fylkeskommunen, som har ansvar for skuleskyssen, som har ansvaret der det er byte av transportmiddel undervegs på skulevegen? I dette tilfellet er det også fleire bussar å måtte velje mellom. Andre tider er det frå båt til buss, der berre det å vite at barnet ditt er uten tilsyn på kaikanten kan få dei fleste foreldre til å engste seg.

Fins det ei oversikt over korleis liknande saker vert løyst?

På samme måte gjeld spørsmålet der busstopp langs fylkesveg berre er eit skilt, og det ikkje er mogeleg å gå til bussoppet uten å gå inn i trafikert veg. Kva ansvar har fylkeskommunen i dei tilfella?

Eg reknar med at viss det er fylkeskommunen som har ansvar, så vil dette vere viktig å kome tilbake til i delstrategien om Barnas Transportplan i RTP.

mvh Trude Brosvik

KrF